

# ØYSTEINNATTEN



Øysteinnatten med sine 1174 moh. er ein av dei høgaste toppane på Lifjell. Øysteinnatten er eit kjent landemerke og eit kjært turmål for mange - både sommar og vinter.

Det er to segner som kan forklare namnet Øysteinnatten. Den eine segna er om jutulen Øystein som heldt til her og den andre om gjetarguten Øystein som sto her og huga til gjetarjenta Astrid på Astridnatten som huga tilbake.

Du kan prøve du òg !

På eldre kart er nuten kalla Hesteskarnuten og Storsteintjøna er kalla Hesteskartjøna. Kanskje er desse namna dei eldste. Nils Folkestad som var fjellfører og dreiv stulen Hollane i ein mannsalder meinte det.

Kor Hesteskaret låg er det fleire ulike meiningar om, men sikre kan ein ikkje vere.